

SMU/SU-møte nr 2, skoleåret 2023-24

Fellesrommet på Samnanger Barneskule **16/01-2024, kl 19:30 – 20:30**

Referat

Tilstade:

2 representantar for undervisningspersonalet:

Hege S. Kolle

Magnhild Kvalvåg

1 representant for andre tilsette:

Rektor Eli Kristin Berge, Samnanger kommune

1 representant for kommunestyret:

Håvard Tvedterås, Samnanger kommune

3 representantar frå FAU:

Irmelin A. Bjørkmo, Ingrid Rondestveit og Hanne U. Haukanes, FAU

Representantar frå elevane deltok ikkje. Det var ikkje saker denne gongen som dei meinte så mykje om.

Møteleiar: Rektor Eli Kristin Berge

Referent: FAU leiar Irmelin Bjørkmo

Agenda:

2023/24-07 Godkjenning av innkalling

Vedtaks: Innkalling og sakliste blei godkjent utan kommentarar.

2023/24-08 Skuleruta for 2024-2025

Forslag ligg ved innkallinga som vedlegg.

Vedtaks: Skuleruta blei teken til orientering. Det vart oppdaga at 2.pinsedag 2025 er 9.juni, ein elevfri dag som ikkje var ført i skuleruta. Siste skuledag blir dermed torsdag 19.juni. Det er planleggingsdag påfølgande dag, den 20.juni. SFO er stengt denne dagen, grunna planleggingsdag.

Det står at det er planleggingsdag for barnehagane 9.november. Det stemmer ikkje. Rett dag er 9.september.

Det blir tatt opp att tema om juleframvising. I år gjekk denne på dagtid, tross at ein stor del av føresette svarte at dei ønska framsyninga på kveldstid. Grunna kort frist for endring av skuleruta, blei det vedtatt at den også i 2023 skulle føregå på dagtid. SU ønsker at dette skal tas stilling til så fort som

mogleg og innbakast i skuleruta 24/25, slik at føresette har høve til å planlegge ein ekstra elevfri dag.

2023/24-09

Revidere SFO vedtekter.

Reviderte vedtekter ligg med innkallinga som vedlegg. Dei «gamle» vedtektene ligg på heimesida til skulen.

Vedtak: Reviderte SFO vedtekter blir teke til orientering. Det er ein kommentar ift. å presisera at gratis kjernetid på 12,5 timar, gjeld per veke.

Det er tema på møtet om ønske om ei utviding av SFO/ferie tilbodet. Dette blei også tatt opp i mai 2023 med brev sendt til politikarane. Det er pr i dag ikkje kome noko svar. FAU leiar sender i etterkant av dette møte i dag, på nytt eit brev med argumentasjon om å få fleire SFO dagar til borna våre.

2023/24-10

Informasjon om finaleplass for ei gruppe elevar som deltok på FLL.

Gruppa som arbeidde fram leiken Konglejakten kom vidare til finalen. Finalen går av stabelen 12.februar. Me arbeider for at fem elevar + tilsette får reisa bort og delta på den.

First Lego League var ein stor suksess og skapte mykje engasjement både blant elevar og tilsette. Me håpar skulen kan delta på nytt, sjølv om det krev mykje tid og planlegging.